

Det regionale brukarutvalet  
i  
Helseregion Vest

Årleg melding  
for  
2013

## 1. Samansetjing av utvalet

Det regionale brukarutvalet vart vedteke oppretta av styret for Helse Vest RHF 27. mai 2002.

Samansetjinga blei endra etter to år, i samband med styrevedtaket av 27. mai 2002.

I 2013 bestod utvalet av:

- Njål Idsø, Rogaland, FFO, leiar
- Else Berit Ingvaldsen, SAFO, nestleiar
- Solfrid Lillebø, Sogn og Fjordane, FFO
- Steinar Andersen, Rogaland, FFO
- Helen Aareskjold, Hordaland, FFO, Svein Nord Kristiansen, [Hordaland](#) FFO, frå november 2013.
- Claus Ingebrigtsen, [Hordaland](#) FFO
- Harald Lindvik, [Sogn og Fjordane](#) FFO
- Pål Berger, RIO
- Dagfinn Vik, Eldreråda i Hordaland
- Grete Knudsen, Kreftforeningen

Vararepresentantar:

- Oddveig Birkeland, FFO Sogn og Fjordane
- Elin Kristin Bordal, FFO [Hordaland](#)
- Henrik Aasved, Kreftforeningen
- Jarle Vindedal, FFO [Sogn og Fjordane](#)
- Kari Toftøy Andersen, FFO [Rogaland](#)
- Elisabeth Bjørheim Salte, FFO [Rogaland](#)
- Kjell Inge Bringedal, SAFO
- Linn Victoria Skretting, RIO

Lena Forgaard og Synnøve Serigstad frå administrasjonen i Helse Vest har vore sekretærar for brukarutvalet.

## 2. Oppgåver og aktivitet

Det er halde 8 møter i løpet av året, seks i Stavanger, eitt i Bergen, eitt i Haugesund. Møtet i Haugesund var eit fellesmøte med brukarutvalet i Helse Fonna. Eitt av møta i Stavanger var også fellesmøte med styret i Helse Vest RHF. I tillegg var det ei felles samling med representantar frå brukarutvala i helseføretaka i [regionen](#) i Stavanger den 5.-6. juni.

### Utvalet har mellom anna hatt fokus på følgjande saksområde:

- Pasientreiser
- Rehabiliterings- og habiliteringstilbodet i Helse Vest
- Retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest
- Pasienttryggleik og feilbehandling

### Det regionale brukarutvalet er i tillegg blitt informert om og har behandla:

- Oppdragsdokumentet frå HOD for 2013
- Årleg melding til HOD for 2012
- Budsjett for 2013
- Alle møter
- Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2017
- Regional plan for kirurgi
- Innspel til oppdragsdokument 2014

Sentralt for brukarutvalet i 2013 har vore retningslinjer for brukarmedverknad og spørsmålet om møte- og talerett i styret i Helse Vest. [Utvalet er glad for at fristbrotala for dei fleste helseføretaka i regionen er i ferd med å krype mot null, men er bekymra for at ventetidene spesielt innan somatikk ikkje har bevega seg særleg mykje nedover i 2013.](#)

Den 5.-6. juni vart det halde fellesmøte med representantar frå dei lokale brukarutvala og det regionale brukarutvalet. I møtet blei det gitt orientering om følgjande: investeringsregimet i Helse Vest, IKT strategi i Helse Vest og rehabilitering og habilitering . Det var innlegg frå alle brukarutvala og frå Pasient- og brukaromboda i Rogaland og Hordaland.

Brukarutvalet har delteke på følgjande konferansar:

- Helse Vest sin forskingskonferanse 2013
- Helsekonferansen 2013
- Regional nettverkssamling innan rehabilitering av personer med lungesykdom
- Rehabiliteringskoferansen
- Traumesamling i Helse Vest

Brukarane har i 2013 vore med i følgjande prosjekt og arbeidsgrupper i regi av Helse Vest:

<b>Brukarrepresentant</b>	<b>Vara</b>	<b>Prosjekt</b>
Helen Aareskjold		Regionalt nettverk for Lærings- og meistring
Solfrid Lillebø		TSB anskaffing
		Referansegruppe for «Planlegging av norsk senter for partikkelterapi»
		Referansegruppe for «Planlegging av norsk senter for partikkelterapi»
	Claus Ingebrigtsen	Forskningsnettverk om psykisk helse
Njål Idsø		Brukarpanel pasientreiser
		Kvalitetsforum og styringsgruppa for kvalitet i

Brukarrepresentant	Vara	Prosjekt
		helsetenesta/programgruppa i Program for pasienttryggleik i Helse Vest
		LIS spesialistgruppe for TNF-hemmarar
		Kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester- regional arbeidsgruppe
	Steinar Andersen	Programgruppe Program for pasienttryggleik i Helse Vest
Steinar Andersen		Referansengruppe SESAM
	Njål Idsø	Mål og strategi for brukarmedverknad
		Pasientreiser
		Nettverk for rehabilitering av KOLS
Else-Berit Ingvaldsen		Referansegruppa for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i region vest
		Traumenettverk i Helse Vest
		Styringsgruppe for Program for pasienttryggleik i Helse Vest
		Kjøp av spesialiserte rehabiliteringstenester- regional arbeidsgruppe

Brukarrepresentant	Vara	Prosjekt
		Styringsgruppe for nye nettsider
Dagfinn Vik		Langtidsmekansk ventilasjonsbehandling
Pål Berger		Korfor (RUS)
		Prosjektgruppe for «Regional plan for tverrfaglig spesialisert rusbehandling 2013 – 2017».
		TSB anskaffing
Grete Knudsen		Regionalt nettverk for pasienterfaringsmålingar
		Styringsgruppe for Program for pasienttryggleik i Helse Vest
Claus Ingebrigsten		KULE
		Arbeidsgruppa CFS/ME
Harald Lindvik	Styringsgruppe for virtuell AMK	
Henrik Aasved		Helsedirektoratet si referansegruppe for "Veileder for organisering og drift av tverrfaglige smerteklinikker".
Eksterne representantar		

<b>Brukarrepresentant</b>	<b>Vara</b>	<b>Prosjekt</b>
Gunnlaug Hystad		Hindre fall blant eldre
Gunn Leiknes		Referansegruppe for nasjonale brukarerfaringsundersøkingar i regi av Helsedirektoratet
Grete Müller		Regionalt nettverk for Lærings- og meistring
Eivind Skjerven		Referansegruppa for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i region vest

Medlemmene har i tillegg delteke på fleire kurs og konferansar og halde foredrag om brukarmedverknad og om Helse Vest i forskjellige organisasjonar.

### **3. Arbeidstilhøve**

Det regionale brukarutvalet har teke opp dei sakene som er blitt førelagt utvalet og har i tillegg engasjert seg i enkeltsaker og sakskompleks som er utdjupa av administrasjonen, (sjå lista i del 2).

Medlem av utvalet har delteke i dei prosjekta det har vore ønskeleg med brukarrepresentant, og er såleis godt nøgd med deltakinga i prosjektarbeid.

Møtet med representantar frå dei lokale brukarutvala vert også i år opplevd positivt.

Det regionale brukarutvalet er nøgd med samarbeidet med styret i Helse Vest og opplever frå administrasjonen si side ei positiv innstilling til å møte i utvalet. Likevel meiner brukarutvalet at møte og talerett i styret vil kunne vere ein viktig faktor for eit endå betre og meir aktivt samarbeid både med styret og administrasjonen. I mål og strategi for brukarmedverknad i Helse Vest, vedtatt av styret på styremøte i desember 2012, står det at brukarutvalet skal vera eit rådgjevande organ for styret og administrasjonen. For å kunna utføra denne oppgåva meiner utvalet at det er nødvendig at representanten som møter som observatør i styret har talerett i styret. Brukarutvalet viser i denne samanheng til helseministeren sin sjukehusstale frå 07.01.14 der han streka under at pasientar må takast med i utviklinga av helsetenesta, og han spør korleis den hadde blitt om pasienten fekk bestemma. Helseministeren meiner at tenesta då ikkje ville vore som i dag. Pasientar er ofte dei mest radikale endringsagentane. Pasientar og pårørande skal vera like viktige som fagfolk og politikarar i arbeidet framover.

### **4. Utfordringar**

Det regionale brukarutvalet opplever at forholda for påverknad og deltaking i utforminga av spesialisthelsetenesta ligg godt til rette. Utvalet saknar i denne samanheng likevel meir engasjement frå særorganisasjonane sine.

Styringsdokumentet for 2013 til Helse Vest legg stor vekt på tilgjenge og brukarorientering. Å kunne påverke utforminga av tenestene i plan- og utviklingsarbeid ser utvalet framleis som veldig viktig. Det gjeld å ha fokus på denne type medverknad i fortsetjinga.

Brukarutvalet registrerer forbettringspotensiale på fleire område, mellom anna innanfor tilbodet i rehabiliteringstenesta og habiliteringstenesta, utnytting av bygningar til psykisk helsevern.

Utvalet opplever at Helse Vest, helseføretaka og brukarane stort sett er sameinte om mål og satsingar og at spesialisthelsetenesta i stor grad tek sentrale utfordringar på alvor.

14.02.2014

På vegne av det regionale brukarutvalet

Njål Idsø  
leiar